



Kvassnesvegen 33 AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/78 - 17/32195

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

10.11.2017

Innkalling til møte/tilsyn oljeutskiljar - gbnr 188/384 og 416 - Kvassnesvegen 33.

Teknisk drift syner til vårt brev av 03.04.2017 der vi etterlyser årsrapport for oljeutskiljaranlegg ved gbnr 188/384 og 416. Vi kan ikkje sjå å ha motteke denne dokumentasjonen.

I vårt brev av 03.04.2017 vart det på bakgrunn av manglande innrapportering av anlegg gitt førehandsvarsele om tilsyn. Kvassnesvegen 33 AS fekk frist til 18.04.2017 å sende inn årsrapport for anlegg.

Teknisk drift har, per dags dato, ikkje motteke årsrapport som dokumenterer drift og vedlikehald av anlegg. Vi har heller ikkje motteke dokumentasjon på at anlegg stettar krav til oljeinnhald i utsleppsvatn. På bakgrunn av manglande innrapportering av anlegg ser vi at det er behov for å føre tilsyn med anlegg.

Teknisk drift kaller inn til møte/tilsyn: **Måndag 27.11.2017 kl. 10.30** Rådhuset i Knarvik. Avdelingsleiar for vatn og avløp er kalla inn til møtet.

Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert lagt frem på møte:

- Årsrapport for 2016. Årsrapporten skal innehalde følgjande dokumentasjon:
 - Dokumentasjon på utført tømning og vedlikehald av anlegg,
 - Analyse av utsleppsvatn. Prøve skal være analysert av godkjent laboratorium. Oljeinnhaldet skal ikkje overstige 50mg/l, målt som totale hydrokarbon
- Tømmeavtale med godkjent tømmefirma.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15-2 at kommunen skal føre tilsyn med utskiljaranlegg som nemnt i § 15-1. Dette gjeld påslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett frå, blant anna, bensinstasjonar, vaskehaller, garasjer, verkstader etc. Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift har sett krav om innsending av årsrapport for anlegg i gitte løvye.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kvassnesvegen 33 AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ